



Vinje kommune
Organisasjon, arkiv og IKT

Internt notat

Til:

Frå: Venke Heiberg

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
VENKEHE	2018/1055	6608/2018	SA5	26.03.2018

Barnehagane - registreringsreglar frå 1.4.2018

Under arbeid.

Kopi til:

**Registreringsreglar for
barnehagane i Vinje kommune -
frå august 2014 til mars 2018**



Sak-/og løpenummer i ePhorte: 2015/3317, 22473/16

TRYGGINGS- OG DOKUMENTRUTINAR

Lagt fram fyrste gong november 2006, løpenr 13373/06. Framlegg til endring august 2012. , sjå sak.nr 10/409 løpenummer 12696/11 og ajourføring august 2014. À jour ført av barnehagesjef for Åmot barnehage og arkivleiar 28.11.2016.

1.1.2007 tok Vinje kommune til med elektronisk arkiv. Papirdokument skal makulerast etter tre månader med nokon unntak, t.d. der det er juridisk bindande underskrift. Per desember 2016 har det ikkje blive makulert dokument fordi testuttrekk frå ePhorte ikkje er gjort.

Dette dokumentet er utforma slik at det skal ta i vare omsynet til det einskilde barn sitt personvern, samt kommunens behov for dokumentasjon,

plikt til arkivering og informasjon for å kunne gje eit godt barnehagetilbod. Dokumentet kan nyttast når Fylkesmannen har tilsyn, etter lov om barnehage § 9 andre ledd og kommunelovas § 60 b, og ved spørsmål frå Datatilsynet eller Statsarkivet for å vise kva for dokumentrutinar det er i ePhorte for barnehagesaker.

Vinje kommune har per 2016 tre barnehagar, Rauland, Edland og Åmot, og eitt oppvekstsenter i Øyfjell. Vinje oppvekstsenter blei lagt ned 1.8.2013. Avdeling for barnehage blei overført til Hakkespetta barnehage frå same dato. Hakkespetta barnehage skifta namn til Åmot barnehage 1.1.2015

Barnehagearkiva har vore organisert slik:

Rauland barnehage blei starta av soknerådet, ved Bjørg Onstad, i 1975 eller 1976. Øyfjell barnehage, kom året etter, og blei også starta av soknerådet, ved Bjørg Onstad. Begge barnehagane blei truleg kommunale i 1982 eller 1983.

Det blei valt styre for barnehagane som gjorde opptak, tilsetjingar m.m. Styret bestod av ein representant frå soknerådet, ein frå dei tilsette, ein politisk vald og ein frå føresette. Det blei skrivne møteprotokoll. Usikkert kva som har skjedd med mappene på barna. Mogleg dei er makulert. Hakkespetta barnehage starta i 1976 som privat barnehage, drive av Mødreringen i Åmot. Dei heldt til i eit kommunalt hus, Solheim. Seinare bygde Mødreringen ei tømre, ca 1979/80. Barnehagen blei kommunal i 1983. I 1989 blei det bygd ny barnehage, og i 2010 blei det bygd på til 4 avdelingar. Familiebarnehagen starta opp i 1982, variera frå 2 – 4 heimar, alt etter trong for barnehageplassar. Hausten 1998 var den administrativt lagt til Hakkespetta. Familiebarnehagen vart lagt ned i 2003. Alle saker knytt til Hakkespetta barnehage, t.o.m. 31.12.14, blei avslutta i ephorte.

Grungedal sokneråds barnehage

Edland barnehage starta som soknerådsbarnehage i 1976 på Grungebru. Den gong var det ein musikalsk barnehage med tilbod om 6 timar i veka.

I 1980 vart barnehagen utvida og flytt til Edland Samfunnshus i samarbeid med Helselaget. Tilbodet vart utvida til 2 dagar á 4 timar.

I 1985 flytte barnehagen til Raude Kors – huset i Haukeli. I august 1988 overtok Vinje kommune ansvaret for barnehagen, og i 1989 blei det bygd ny barnehage ved sida av helsehuset. Barnehagen blei utvida til to avdelingar i 1991, og hausten 2007 fekk Edland barnehage si tredje avdeling. Mogane var ei avdeling under Edland barnehage, 1992-1993.

T.o.m. 31.8.2001 hadde kvar barnehage mapper på barna og eige saksarkiv. Skulekontoret hadde også barnehagearkiv fram til same dato.

1.9.2001 starta Vinje kommune med ny organisasjonsstruktur. Det blei oppretta ca 20 einingar og eit sentralt arkiv for alle.

Vinje kommune tok til med sak-/arkivsystemet ePhorte, på alle einingar, men starta ikkje med elektronisk arkiv. Grunnen til det var at det måtte utarbeidast rutinar for handsaming av saker. Det blei difor sentralt papirarkiv for alle einingar, med unntak av dei arkiva som var pasient eller klient retta. Papirarkivet blei avslutta 31.12.2006, med unntak av delingsarkivet som blei avslutta 31.12.2007.

Frå 1.1.2007 til d.d. er arkivet elektronisk. Det har per desember 2016 ikkje blive makulert papirdokument fordi Vinje kommune har venta på Riksarkivet, og på Evry som skulla ta uttrekk frå avslutta arkivdeler. Når ny versjon av ePhorte blei installert i februar 2015, var uttrekksmodulen implementert. Planen er å ta uttrekk i 2017. Avslutta papirarkiv, som er pakka i boksar, står plassert i kvelv kommunehus eller er avlevert til IKA Kongsberg sitt arkivdepot.

Aktuelle lovverk:

Formålet med handsaming av saker i barnehagane er **Lov om barnehagar**, kalla barnehagelova, § 1 Formål, 1.ledd. Lova handlar om at barnehagen skal, i samarbeid og forståing med heimen, taka i vare barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danne grunnlag for allsidig utvikling. Reglar som utfyller lova er gjevne i ulike forskrifter <http://www.lovdatab.no/all/nl-20050617-064.html>

Offentleglova regulerer allmenne krav om innsyn i forvaltninga sine saksdokument. Hovudregel er, jf § 3, at alle saksdokument i offentlig verksemd er opne for innsyn. Men lova har fleire reglar om unntak slik som § 13 som seier at forvaltningas dokument kan takast bort frå innsyn dersom dei inneheld opplysningar som er undergjevne teieplikt. I utgangspunktet er det kun personopplysningar som kan unntakast etter offentliglova, men i praksis vil det i dei fleste høve vere heimel for å unntaka heile dokumentet frå innsyn, jf ofl. § 12. Saker på barn, der det er fatta enkeltvedtak, sakkunnige uttaler, og plan for spesialpedagogisk hjelp, er eksempel på saker der heile dokumentet, i dei fleste høve, skal unntakast, jf. ofl. § 13 og forvaltningslovas § 13, 1. ledd nr 1.

Lister på barn, fødselsnummer og bilete kan ikkje utan vidare leverast ut. Lister over barn i barnehagar er etter offentliglova eit offentlig dokument. Hovudregel er at så lenge listene berre inneheld namn, adresse, telefonnummer og eventuelt fødselsnummer, så er heile lista offentlig og kan gjevast innsyn i dersom nokon ber om det. Har eit barn hemmeleg telefonnummer eller adresse, eller om det kan røpe at eit barn bur i institusjon eller noko personleg, slik som handikap, då gjeld teieplikta.

Forvaltningslov og barnelov:

Forvaltningslova regulerer partanes rettar i forvaltningssaker, m.a. i saker der det blir gjort enkeltvedtak. Det er bestemte krav til sakshandsaming; m.a. plikt til å greie ut, krav om grunngeving, og tilgang til å klage. §§ 18 og 19 i forvaltningslova har reglar for partanes rett til å gjera seg kjende med sakas dokument.

Dei som er partar i ei forvaltningssak, knytt til eit barn, vil som hovudregel ha full innsynsrett i alle dokument i saka, jf. § 18. Det er nokon unntak i fvl. § 19, men desse har liten praktisk tyding. I dei fleste høve har føresette partsstatus og rett til å bestemme når det gjeld barnet sitt personlege forhold. Fvl. § 13 har viktige reglar om teieplikt. Det står m.a. om "noens personlege forhold" er underlagt teieplikt.

I fvl. § 13, 2.ledd står det at opplysning om fødestad, fødselsdato og personnummer, statsborger, sivilstand, yrke, bustad og arbeidsstad i utgangspunktet ikkje er teiebelagt. **Dersom opplysningane røper andre forhold, som må reknast som personlege, vil også desse opplysningane vere underlagt teieplikt.** Utgangspunktet er at føresette "har rett og plikt til å ta avgjersler for barnet i personlege forhold", sjå barnelova § 30

I dei tilfelle der føresette har felles ansvar for barnet, men ikkje bur saman, har begge føresette rett til same informasjon om barnet.

Denne retten fylgjer av ansvaret til den føresette og barnelova. Der føresette ikkje har felles ansvar for barnet, har også den av dei biologiske føresette, som ikkje har foreldreansvaret, rett til informasjon om barnet. Barnelova § 47 har regel om denne retten.

Fvl. § 13 b har reglar om handsaming internt i forvaltningsorganet.

Opplysningar om barnet skal delast med andre tilsette i den grad det er naudsynt .

Forvaltningslovas kapittel IV – VI gjeld ikkje for opptak i barnehagen, **det er forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage som gjeld.**

Personopplysningslova sitt formål er å beskytte den einskilde mot at personvernet blir krenka gjennom handsaming av personopplysningar.

Lova skal bidra til at personopplysningar blir handsama i samsvar med grunnleggjande personvernomsyn, i dette behov for personleg integritet, privatlivets fred og tilstrekkeleg kvalitet på personopplysningar.

Personopplysningar er opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein einskildperson. **Lova skil mellom personopplysningar og sensitive personopplysningar.**

Eksempel på personopplysningar er m.a. namn og adresse.

Eksempel på sensitive personopplysningar kan vere informasjon om kva for sjukdomar ein person har hatt, medisinar ein person brukar, spesialpedagogiske planar, og sakkunnige uttaler.

At opplysningane er rekna som personopplysningar etter personopplysningslova, fører i seg sjølv ikkje til at dei er undergjevne teieplikt etter forvaltningslova. Det er ulike grunnar og omsyn bak dei to kategoriseringane av opplysningar.

Det knyter seg eit særleg behov for vern rundt sensitive personopplysningar, og det blir stilt spesifikke krav til kommunanes handsaming av personopplysningar. Å bruke sensitive personopplysningar blir sett på som meir inngripande, og regelverket stiller difor strengare krav til handsaming av denne type opplysningar, jf. personopplysningslova (POL) §§ 8, 9 og 12.

Det er spesifikke krav til sletting av personopplysningar, jf. personopplysningslovas § 28. Reglane slår fast at den handsamingsansvarlege ikkje skal lagre personopplysningar lenger enn det som er nødvendig for å gjennomføre formålet med handsaminga. Dersom ikkje personopplysningane må takast vare på i høve til arkivlova, eller anna lovgjeving, skal dei slettast. Ei særlov kan også gje reglar for sletting.

Dei fleste saker, m.a. saker der det blir fatta enkeltvedtak i høve til det einskilde barnet, spesialpedagogiske planar og sakkunnige uttaler, er dokument som er arkivverdige i høve til arkivlova.

Tilgang til opplysningar i barnemapper, personopplysningslova § 18, rett til innsyn

Føresette har som utgangspunkt rett til innsyn i barnemappa. Rett til innsyn fylgjer av reglane om partsinnsyn i forvaltningslovas §§ 18-20 og etter innsynsreglar i personopplysningslovas § 18.

Innsyn kan krevjast munnleg eller skriftleg og skal som utgangspunkt gjevast ved at dei får utskrift frå den elektroniske mappa. Arkivmappe, før 1.1.2007, kan ein få innsyn i hos arkivtenesta.

Kopi av sensitiv informasjon skal leverast personleg til mottakar eller sendast rekommandert i ordinær post, ikkje med faks eller e-post.

I personopplysningslova § 18, rett til innsyn, står det fylgjande:

“Einkvar som ber om det, skal vite kva slags handsaming av personopplysningar ein handsamingsansvarleg gjer, og kan krevje å få fylgjande informasjon om ei bestemt type behandling:

- a)namn og adresse på den handsamingsansvarlege og vedkomande sin eventuelle representant
- b)kven som har det daglege ansvaret for å oppfylle den handsamingsansvarleges plikter
- c)formålet med handsaminga
- d)beskrive kva for type personopplysningar som blir handsama

- e) kor opplysningane er henta frå, og
- f) om personopplysningane blir utlevert, og eventuelt kven som er mottakar

Dersom den som ber om innsyn er registrert i kommunens sak-/arkivsystem, skal den behandlingsansvarlege opplyse om

- a) Kva for opplysningar som blir handsama om den registrera, og
- b) Tryggleikstiltak ved handsaming så langt innsyn ikkje svekkar tryggleiken

Den registrerte kan krevje at den handsamingsansvarlege utdjupar informasjonen i fyrste ledd, bokstav a-f, i den grad dette er nødvendig for at den registrera skal kunne ivareta eigne interesser.

Retten til informasjon etter andre og tredje ledd gjeld ikkje dersom personopplysningane blir handsama berre for historiske eller vitenskaplege føremål og handsaminga ikkje får nokon direkte tyding for den registrerte”.

Arkivlova er ei generell lov for alle typar offentlege arkiv. Arkivlova har som formål å sikre arkiv som har tyding for kulturell eller forskingsmessig verdi eller som **inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan bli teke vare på og gjort tilgjengeleg for ettertida**. Bevaring og tilgjengeleggjering for ettertida er **formålet med lova**. For kommunar gjeld eigne reglar for bevaring av eldre og avslutta arkiv.

Arkivlovas § 9c: “Utan samsvar med føresegnene gjeve i medhald av § 12 i denne lova eller etter særskilt samtykke frå Riksarkivaren, kan ikkje arkivmateriale kasserast. **Dette forbodet går framom føresegner om kassasjon i eller i medhald av andre lover**. Personregister eller delar av personregister kan likevel slettast etter føresegnene i personopplysningslova, helseregisterlova og etter føresegner i medhald av helseregisterlova §§ 7 og 8. Slik **sletting kan fyrst gjerast etter at det er henta inn fråsegn frå Riksarkivaren**.”

Arkivforskrifta utdjupar arkivlova. Forskrifta er eit omfattande dokument som regulerer dei fleste sider ved arkivfunksjonen i offentlig forvaltning. Arkivforskrifta § 3-21: “Det er forbode for tenestemenn å medverke til at arkivmateriale vert kassert...” Ein syner også til personopplysningslova § 27, 3.ledd. “Dersom tungtvegande personvernomsyn tilseier det, kan Datatilsynet utan hinder av andre ledd bestemme at retting skal skje ved at dei mangelfulle personopplysningane blir sletta eller sperra. **Dersom opplysningane ikkje kan kasserast i medhald av arkivlova, skal Riksarkivaren høyrast før det blir teke vedtak om sletting**”.

Det må definerast om dette er arkivmaterieell. Noko arkivmaterieell kan kasserast, etter eit bestemt tidsrom, dersom kommunen har kassasjonsreglar. **For anna materieell som register, databasar osv må det ligge føre ein plan for bevaring. Før eventuell sletting må kassering avklarast med Riksarkivaren dersom det på førehand ikkje føreligg ein bevaringsplan for desse registra/databasane**.

Arkivlov og forholdet til andre lover

§ 10 i offentliglova har reglar om plikt til å føre journal etter reglane i arkivforskrifta § 2-6. Forskrift om informasjonstryggleik viser til arkivlova og arkivverket. Personopplysningslova har reglar om sletting som viser til arkivlova.

Kommunikasjon heim barnehage

Personopplysningslovas krav til informasjonstryggleik, jf. § 13. **Sensitive opplysningar skal ikkje sendast på e-post.**

Andre opplysningar kan sendast med e-post mellom barnehage og føresette. Arkivverdig dokumentasjon **skal** arkiverast i Vinje kommune sitt elektroniske arkiv.

Barnehagane **må** lage rutinar for innhenting og kvalitetssikring av e-postadresser til føresette.

Journalføring/bevaring av dokument, e-post, SMS og brev:

I forvaltningslova og offentleglova er "sak" abstrakt og blir definert som eit "spørsmål som er til behandling" på grunnlag av at nokon har vendt seg til barnehagen utanfrå eller internt.

Offentleglova sin definisjon av dokument: "Med dokument er meint ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lytting, framsyning, overføring eller liknande. Saksdokument for organet er dokument som er komne inn til eller lagde fram for eit organ, eller som organet sjølv har oppretta, og som gjeld ansvarsområdet eller verksemda til organet".

Eit dokument er oppretta når det sendt ut av organet. Dersom dette ikkje skjer, skal dokumentet reknast som oppretta når det er ferdigstilt."

Arkivlova sin definisjon av dokument: "Ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lytting, framsyning, overføring." Arkiv "Dokument som blir til som lekk i ei verksemd",.

Journalføring:

Inngående brev, som kjem til arkivtenesta, og som blir vurdert som arkivverdig post skal journalførast i sak-/arkivsystemet ePhorte. Brev, e-postar, SMS-ar, telefonar, faks eller anna medium, som kjem direkte til barnehagen, må vurderast som arkivverdig eller arkivuverdig.

Er det arkivverdig skal dokumentasjonen eksporterast til ephorte eller leverast til arkivtenesta for eksport eller skanning i sak-/arkivsystemet.

Dersom arkivuverdige dokument, som t.d. rundskriv, likevel har ein dokumentasjonsverdi i høve til sakshandsaming, skal dette journalførast.

SMS-ar: Private mobiltelefonnummer bør ikkje gjevast opp til føresette. Bruk arbeidsgjevar sin telefon.

Dersom ein SMS blir vurdert som arkivverdig dokumentasjon, skal ein be om å få den pr post **eller, dersom informasjonen er offentleg, sende den på e-post til arkivtenesta.**

Generelt syner ein til Arkivforskriftas Kapittel III Arkivrutinar ,§ 3-19 arkivavgrensing og § 3-20 bevaringspåbod.

Ved handsaming av sensitive personopplysningar som spesialpedagogiske rapportar, enkeltvedtak, referat frå ansvarsgruppemøte, er det strengare krav til handsaming enn om ein handsamar andre personopplysningar.

Barnehagane skal bruke sak-/arkivsystemet ePhorte som tek i vare krava til bevaring, også av sensitive opplysningar.

Spesialpedagogiske planar, halvårsrapportar, tildeling av spes.ped. timar m.m. er sensitive dokument. *Slike dokument kan difor ikkje lagrast på minnepenn, dei tilsette sin PC eller barnehagen sitt nettverk.*

Barnehagesjefane er ansvarlege for at alle data om barn, som ikkje skal bevarast, blir sletta når barnet sluttar i barnehagen og at all dokumentasjon, som er arkivverdig, blir teke vare på i barnemappa i sak-/arkivsystemet ePhorte.

Generelt om barnehagearkiv

Barnehagearkiva inneheld opplysningar om noverande og tidlegare barn, i tillegg til opplysningar om føresette.

Barnehagane registrerar også opplysningar i edb-basert opptaksprogram som er levert av Visma.

Barnehagearkivet kjem inn under personopplysningslova sine unntaksregler for konsesjonsplikt (POL §33). Dette fordi barnehagen si handsaming av personopplysningar er heimla i eiga lova, jf. barnehagelova § 8.

Rådmannen i Vinje kommune er ansvarleg for handsaminga og har difor ansvaret for at lov og forskrifter blir fylgd opp i alle einingar.

Det daglege ansvaret for informasjonstryggleiken har eininga Organisasjon, arkiv og IKT.

Generelt om innhald i barnemapper

Overordna prinsipp er at all dokumentasjon om eit barn skal arkiverast på ein stad – i det elektroniske arkivet ePhorte.

Barnehagearkivet har ordningsverdi fødselsnummer.

Barnehagemappene i kommunen blir rekna som organspesifikke. Dei inneheld korrespondanse og andre dokument som vedkjem forhold knytt til det einskilde barn, og som er av vesentleg tyding for denne.

Omfanget av dokumentasjonen vil variere med det einskilde barn sin situasjon.

Dokument i barnemappa skal ikkje utan særleg løyve frå barnehagesjef eller føresette lesast av andre.

Dokument som skal journalførast / dokument i arkiv

Det er knytt to krav til dokument som skal journalførast:

Det er fylgjande:

- 1) Dei skal vere gjenstand for sakshandsaming
- 2) Dei skal ha verdi som dokumentasjon

Bruk av barnemapper

Vinje kommune har elektronisk barnehagearkiv frå 1.1.2007. Det er berre dei som har tilgang til saka, i tillegg til leiar for eininga, som får lese og opprette dokument. Kan vere papirdokument i barnehagane som skal skannast til det elektroniske arkivet. ***Det er barnehagesjefen sitt ansvar at det blir laga rutinar for at all dokumentasjon blir lagt i arkivet.***

Tilsette som jobbar med barnet, og som får papirkopiar, må syte for at kopiane blir makulert etter bruk.

Dokumentasjon på barn i barnehagen, elektronisk eller på papir, skal aldri ligge/stå ope utan tilsyn på arbeidsrom, pauserom eller liknande.

Dokumentasjon skal ikkje kopierast til andre verksemder i kommunen, eller at andre skal få tilgang elektronisk, og det skal heller ikkje takast med utanfor barnehagens administrasjonslokale. Det blir ført logg over alle aktivitetar knytt til barnehagen sine mapper i ePhorte.

Tilgang til dokumentasjon i barnemapper

For tilgang til opplysningar frå barnehage til barneskule blir det kravd samtykke frå føresette. Sakshandsamar skriv eit utgåande brev og ber om samtykke til overføring av nødvendige opplysningar til skulen. Føresette gjev skriftleg tilbakemelding og dokumentet skal skannast i barnemappa knytt til barnehagen. Arkivtenesta opprettar sak på barnet på skulen slik at det blir ført dobbelt i ein periode fram til skulestart. Samtykkeskjema til å gje opplysningar om barnet til skulen ligg på heimesida av Vinje kommune, Vinje barnehagen, samtykkeerklæring. Dette skjema skal skannast og leggjast i ei samlemappe.

Dersom samtykke til kopiering av opplysningar ikkje blir gjeve:

Forvaltningslova § 13 b, nr 3, opnar for at opplysningar kan gjevast frå barnehagen til skulen, innan kommunen, men personopplysningslova avgrensar tilgangen til å kopiere personopplysningar utan samtykke. ***Berre opplysningar som er nødvendige for barnet sin skulegang kan kopierast utan samtykke. Opplysningar om helseforhold og religion krev samtykke for kopiering.***

Avslutting barnemapper

Det er leiaren sitt ansvar at det blir rydda i arkivmapper som skal avsluttast, når 6-åringar skal starte på skulen eller barn som sluttar i barnehagen. Barnemapper skal ryddast, både elektronisk og på papir. Dokument som er arkivverdige, som berre er på papir, skal skannast i saka. Dei elektroniske mappene skal berre innehalde dokumentasjon som er relevant for saka, og dei skal vere **ferdigstilte** slik at arkivtenesta kan søke dei fram, avslutte saka og overføre dei til arkivdel "Barnehage slutta frå 2007".

Avlevering av papirarkiv, gjeldande før 1.1.2007, til fjernarkiv og depot

Dersom barnehagane framleis har barnemapper, eller anna arkiv, på papir skal mappene/arkiva avleverast til arkivtenesta.

Ved avlevering skal barnehagane gjere fylgjande:

- Barnemapper skal ryddast for binders, plastomslag og anna overflødig materiale.
- Mappene plasserast i tette arkivboksar ordna etter fdato/mnd/år
- Før liste med namn og f.dato

Arkivboksar merkast med:

- Vinje kommune
- Namn på barnehage
- "barnemapper"
- dato/mnd/år
- "Barnehageslutt"
- Boksnummer (t.d. nr. 1 av 5)

Det kal leggjast namneliste over barna i den fyrste boksen.
Arkivtenesta leverer, til arkivdepot hos Interkommunalt arkiv i Kongsberg.

Dokumentasjon som skal takast vare på

Møtebok for samarbeidsutvalet – bevarast. Avleverast etter 25 år.
Referat frå foreldremøter – bevarast. Avleverast etter 25 år
Generelle saker i saksarkivet.

Generelt:

Alle barnehagar og oppvekstsenter i Vinje kommune er knytt til sak-/arkivsystemet ePhorte, og har vore det sidan 1.9.2001. All sakshandsaming skal gå føre seg der, ikkje på eigne område på server. **Offentlege organ er plikta til å føre journal, jf arkivforskrifta § 2-6 og offentleglova § 10.**

Offentlege organ har plikt til å føre journal for at den allmenne innsynsretten skal kunne takast i vare. Overordna myndigheiter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert og difor kan finnast att og overprøvast. Det er tre krav som må vere oppfylt for at eit dokument skal vere journalføringspliktig. Det må vere eit saksdokument for organet, dokumentet må ha kome inn til eller vera sendt ut frå organet og det må vere gjenstand for sakshandsaming og ha verdi som dokumentasjon.

Det som blir sakshandsama på eigne område på server, t.d. område G, som ikkje har knytning til Vinje kommune sin postjournal er å sjå på som arkivuverdig.

Unntak ,som ikkje blir ført i ePhorte, er: Referat frå avdelingsmøter.

Saker eller Journalpostar i ePhorte, som inneheld personsensitive opplysningar, skal skjermast med tilgangskode. Når arkivtenesta kvalitetssikrar saker må ein alltid hugse å sjekke om det er rett tilgangskode og at ordningsverdien er skjerma. Kvalitetssikring av sak skal skje når fyrste journalpost i saka blir journalført/kvalitetssikra.

Barnehagelova § 20 slår fast at forvaltningslovas § 13-13f om teieplikt gjeld tilsvarande for barnehagen . Teieplikta gjeld både for dei tilsette i Barnehagen og medlemmer av utval og råd,

For **barnehagesaker** er det oppretta tilgangskode BA, knytt til lovheimlar, off.l. § 13, jfr fvl § 13.1 teieplikt.

Denne tilgangskoden skal berre nyttast på saker som skal arkiverast **i arkivdel barnehagearkiv**. Det er oppretta ein arkivdel i ePhorte som heiter 2007 barnehagearkiv, den har ordningsverdi fødselsnummer. Når barnet sluttar i barnehagen skal saka **overførast til arkivdel Barnehage slutta**.

Det er berre tilsette som har tenestleg behov som får tilgang til saker på barn i ePhorte. Leiarar har tilgang til alt på eiga eining, medan sakshandsamarar har tilgang til eigne saker og journalpostar. Nokre sakshandsamarar har tilgang til alle saker, på eiga eining, knytt til ein spesiell tilgangskode. ***Leiar på eininga skal godkjenne utvida tilgangar.*** Rådmann og assisterande rådmann skal ikkje ha tilgangskode BA. Ved behov for innsyn skal dei ha kopi av dokumenta på papir, må makulerast når dei er ferdig med saka. Skal rådmannen sakshandsame,

i ei sak som gjeld eit barn i barnehagen, så skal det opprettast ny sak med tilgangskode U.

NB! Barnehagane har gjort avtale med arkivtenesta, sjå referat frå styremøte av 24.6.14 lnr 10635/14, om at brev som kjem frå sjukehus, eller andre institusjonar, kan opnast av arkivtenesta og journalførast i saka til barnet.

Logoped skal ha skrivetilgang i mapper på barn som får logopedhjelp, jf. lnr. 10635/14. Skal ikkje ha lesetilgang til andre dokument i saka, berre til logopedrapportar som tidlegare er skanne i saka og eigne dokument.

Personleg stila brev til barnehagesjefen, eller andre tilsette i barnehagen, skal ikkje opnast. Dei blir lagt i hylle til barnehagen.

Vedkomande mottakar av brevet er sjølv ansvarleg for å levere brevet til arkivtenesta, for skanning, dersom det er sakspost. Det same gjeld Sakspost på e-post, SMS, eller frå andre medium som vedkomande tilsett får direkte til seg.

Barnehagane har sjølve oversyn over kva for saker dei har delegert mynde til å gjera vedtak i, jf. administrativt delegasjonsreglement.

Mykje saksdokumentasjon i barnehagane inneheld sensitive personopplysningar. Dei fell difor inn under reglane i §§ 8, 9 og 11 i personopplysningslova.

Vinje kommune tok til med digital sending av post 1.11.2015. Det blei gjort ei risikovurdering i samband med det, og konklusjonen var at det er meir sikkert å sende brev digitalt enn å skrive ut på papir og sende per post. Det blei også gjort endring i registreringsreglar i ephorte når det gjeld innhald på journalpost. Det blei valgt å ikkje ha namn eller fødselsdato på barn i innhald på brev for ikkje å risikere at informasjonen kjem fram på varsel i e-post og SMS. Dersom einingsleiar ikkje er sakshandsamar på saker i ephorte så skal einingsleiar godkjenne brevet elektronisk før det blir ekspedert. Det er forskjell på kva leiarane i barnehagane har bestemt at dei skal godkjenne. Sakshandsamar avklarar med leiar.

Emne	LYSING - HOVUDOPPTAK BARNEHAGEPLASS
Sakstittel	Lysing - opptak til barnehagane - 2017/2018
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	Ingen

Arkivdel/klassering	Saksarkiv, ordningsverdi A11&60
Innhold JP	(U)Lysing – opptak til barnehagane i Vinje 2017/2018, (X) Lysing heimesida – opptak til barnehagane i Vinje 2017/2018
Tilgangskode JP	
Malar	(U)Brevmal (X)Intern notat
Dok.rutinar	Utgåande brev - Lysing opptak barnehage blir sendt på e-post til VTB. X-notat blir sendt som vedlegg på e-post til Tenestetorget. Sjå kurshefte for opptak løpenummer 13611/14.
Makuler	Papirdokumentet makulerast etter tre månader.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Periodisering kv. 4.år.
Formål	Barnehagelova, forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage og vedtekter for barnehagane i Vinje, pkt “Søknad om plass”.
Merknad	Sakshandsamar ferdigstiller saka når den er ferdig, arkivtenesta søker den fram og avsluttar.
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12, bhg.sjef Åmot bhg. 28.11.16
Endra dato	August 2014, 29.11.2016

Emne	HOVUDOPPTAK BARNEHAGEPLASS
Sakstittel	Opptak namn på barnehage - 2017/2018
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	Ingen
Arkivdel/klassering	Saksarkiv, ordningsverdi A10
Innhold JP	X, N, U og I er dokumenttyper (I)Søknad om plass i barnehagen, (U)Melding om motteken søknad, (U)Svar på søknad om plass i barnehagen, (I)Svar på melding om plass i barnehagen
Tilgangskode JP	U , Heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!Skjerm namn på avsendar/mottakar
Malar	(U)Bhg-Mottatt søknad, (U)Bhg-tildelt plass, (U) Bhg-Avslag på søknad/Søklarliste (endra frå venteliste til søklarliste aug.2014)
Dok.rutinar	Lysing opptak barnehage blir ført i eiga sak. Søknad om plass i barnehagen (søknad blir fyrst importert til Visma barnehage) , Svarbrev- motteken søknad, Delegert vedtak om plass, Svarbrev frå føresette. Søknad inn hentar arkivtenesta i importsentralen. Dokumentet blir sletta automatisk frå importmappa når det er eksportert til ePhorte. OBS! Inntektsgrunnlag frå føresette sendast barnehagen utan journalføring fordi det er bilag til fakturering. Sjå kurshefte for opptak løpenummer 13611/14.
Makuler	Papirdokument makulerast etter tre månader.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Periodisering kv. 4.år.
Formål	Barnehagelova, forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage og vedtekter for barnehagane i Vinje, pkt "Søknad om plass". Det er 3 veker klagefrist på avslag, eller dersom søklar ikkje får fyrste eller andre ynskje oppfylt. Forvaltningslovas kapittel IV-VI gjeld ikkje for opptak i barnehagen. Det er forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage som gjeld. Forvaltningslovas reglar om partsinnsyn, §§ 18-21, gjeld dersom det ikkje er laga særrelgar.
Merknad	Frå 2004 er søknader om opptak ført i ePhorte, tidlegare blei desse sakene handsama i Opptaksprogrammet , Møre Data, frå 1.9.01. Programmet blei lite brukt. Sakshandsamar ferdigstiller saka når den er ferdig, arkivtenesta søker den fram og avsluttar
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12, barnehagesjef Åmot bhg. 28.11.16
Endra dato	August 2014, 28.11.2016

Emne	ENDRA TILBOD I BARNEHAGEÅRET
Sakstittel	Namn på barnehage - endring av barnehage tilbud - 2016/2017
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	Ingen
Arkivdel/klassering	Saksarkiv, ordningsverdi A10
Innhold JP	X, N, U og I er dokumenttyper (I) Søknad om endring av barnehage tilbud, (U) Svar på søknad om endring av barnehage tilbud (I) Svar på melding om endring av plass
Tilgangskode JP	U, Heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!Skjerm namn på avsendar/mottakar
Malar	(U) Bhg-Endring tilbud
Dok.rutinar	Inngående søknad (blir fyrst importert til Visma barnehage), delegert vedtak om endring, svar frå føresette
Makuler	Papirdokument makulerast etter tre månader.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Periodisering kv. 4.år.
Formål	Barnehagelova, forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage og vedtekter for barnehagane i Vinje.
Merknad	Sakshandsamar ferdigstiller saka når den er ferdig, arkivtenesta søker den fram og avsluttar.
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12
Endra dato	August 2014, 28.11.2016

Emne	OPPSEIING AV BARNEHAGETILBOD 2016/2017
Sakstittel	Namn på barnehage - oppseiing av barnehagetilbod - 2016/2017
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	
Arkivdel/klassering	Saksarkiv, ordningsverdi A10
Innhold JP	X, N, U og I er dokumenttyper (I)Oppseiing av barnehagetilbod, (U)Svar på oppseiing av barnehagetilbod
Tilgangskode JP	U , Heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!Skjerm namn på avsendar/mottakar
Malar	(U)Bhg-Motatt oppseiing
Dok.rutinar	Inngående oppseiing (elektronisk skjema), stadfesting
Makuler	Papirdokument makulerast etter tre månader.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Periodisering kv. 4.år.
Formål	Barnehagelova, forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage og vedtekter for barnehagane i Vinje
Merknad	Sakshandsamar ferdigstiller saka når den er ferdig, arkivtenesta søker den fram og avsluttar.
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12
Endra dato	August 2014, 28.11.2016

Emne	SPESIALPEDAGOGISK TILTAK I BARNEHAGEN
Sakstittel	Elevmappe – barn f 120113 NB!!Skjerm fødselsdato på sakstittel
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	BA, heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!!Tilgangskode BA skal BERRE brukast i saker som er knytt til barnehagearkivet
Arkivdel/klassering	Barnehagearkiv, ordningsverdi f.nr. NB! Skjerm ordningsverdi !! Arkivtenesta sin jobb!.
Innhold JP	<p>X, N, U og I er dokumenttyper (X) Pedagogisk rapport (<i>skal ikkje underteiknast av føresette</i>), (X) Tilmelding PPT (arkivtenesta skannar kopi av underteikna tilmelding. Sakshandsamar må levere kopi til arkivtenesta for kvalitetssikring av skanna dokument), (U) Tilmelding PPT (Oversendingsbrev. Legg ved tilmeldingsskjema og pedagogisk rapport) (I) Kopi av brev – melding om motteken tilmelding (avs PPT), (I)Kopi av brev – innkalling til oppstartsmøte(avs.PPT) (I) Sakkunring vurdering barn, (I) Referat (innkalling) ansvarsgruppemøte (dersom oppfølging gjeld spes.ped.), (I) Samtykke til vedtak frå føresette (U) Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 - barnehageåret 2017/2018 , (U) Plan for spesialpedagogisk hjelp - barnehageåret 2017/2018 (U) Årsrapport spesialpedagogisk hjelp – 2017/2018, (I) Brev frå sjukehus (I/U)Logopedrapport (U) Samtykkeerklæring overlevering av informasjon til skulen (I) Samtykkeerklæring skulen –tilgang til opplysningar frå barnehagen Elles sjå «Kurshefte ephorte – spesialpedagogisk hjelp....» og retningsliner frå IKA Kongsberg.</p>
Adm.enhet	Ansvarleg eining
Tilgangskode JP	BA , heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!Skjerm namn på avsendar/mottakar dersom det kan knytast til barnet.
Malar	(X) Skule/bhg-tilmeldingsskjema PPT, (X) Skule-Pedagogisk rapport barnehage, (U) Brevmal eller Brevmal med leiars underskrift, (U) Skule/bhg – Enkeltvedtak spesped, (U) Skule-plan for pedagogisk hjelp barnehage, (U) Skule-Årsrapport barnehage,
Dok.rutinar	<p>Kan koma brev frå sjukehus som skal førast i saka. <i>Arkivtenesta har avtale med barnehagane</i>, sjå referat frå styrmøte av 24.6.14 lnr 10635/14, <i>om å opne brev som kjem frå sjukehus. Gjeld det barn i barnehagen skal det førast i saka til barnet.</i> <i>Skrivetilgang for logoped i mapper på barn som får logopedhjelp</i>, jf. lnr. 10635/14. Skal ikkje ha lesetilgang til dokument i saka, berre til logopedrapportar, som tidlegare er skanne, og egne dokument. Nokre logopedrapportar kjem som inngåande brev, der Vinje kommune er kopimottakar. Skal førast i saka.</p> <p><i>Ved overgang frå barnehage til skule</i> blir det vurdert behov for tiltak i skulen i samråd med føresette. Dersom barnet har hatt spes.ped. i barnehagen, og vedkomande skal halde fram med det i skulen, må føresette gje løyve til at skulen får innsyn i nødvendig dokumentasjon i barnehagemappa. Løyve frå føresette må vere skriftleg, og skal skannast i saka. Skulen får kopi av nødvendig dokumentasjon. Elektronisk har saker i barnehagen tilgangskode BA, koden er avgrensa for sakshandsamar og leiar i barnehagen,</p>

	<p>elevmapper har tilgangskode E, avgrensa for sakshandsamarar og leiar på kvar skule. Dersom barnet skal ha spes.ped i skulen må det opprettast ny sak, truleg i februar same året som barnet skal starte i 1.klasse. Dokumenta må først i bae saker. Kopi av dokumenta i elevmappa skal først som X-notat merkt med «Kopi – kva dokumentet inneheld». Samarbeid skule og barnehage.</p> <p><u>Reglar for papirarkiv:</u></p> <p>Barnehagane har arbeidsmapper på barn i barnehagen. Mappene oppbevarast på ein sikker stad. Dokumenta blir makulert når barnet sluttar. Barnehagen skal kontrollere at arkivverdige dokument, som ligg i barnehagemappa, er lagra i ePhorte. Dersom ikkje skal dokumenta leverast til arkivtenesta for skanning.</p>
Makuler	Papirdokument makulerast etter tre månader , med mogleg atterhald på det som gjeld vedtak. Det er per des. 2016 endå ikkje avklart om delegerte vedtak må vere dokumentert på papir. E-post er sendt til Kragerø kommune som jobbar med denne saka, jf. informasjon frå Fylkesmannen i Telemark . Arkivleiar i Vinje har vore i kontakt med Kragerø, og dei seier at dei ikkje har gjort meir i saka.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk
Formål	<p>Barnehagelova, kap.V A Spesialpedagogisk hjelp</p> <p>Vedtak om spesialpedagogisk hjelp er eit enkeltvedtak, jf. fvl.§ 2. Klagefrist 3 veker, jf. fvl. §§ 28 og 29.</p> <p>Mynde til å gjera vedtak om spesialpedagogisk hjelp er delegert til einingsleiarar i barnehage/oppvekstsenter, jf. administrativt delegasjonsreglement av 31.10.13.</p> <p>Spes.ped. sak i ePhorte fylgjer barnet i heile barnehagetida så sant det ikkje er periodisering. Blir det byte av barnehage, t.d. frå Åmot til Edland, skal det opprettast ny sak i "ny" barnehage. Nødvendig lesetilgang i "gamle" saker til "ny" barnehage.</p> <p><u>Stadfesting:</u> Innkalling til ansvarsgruppemøte og referat frå møtet skal først i ePhorte. <u>Nokre av breva er merkt med sakshandsamarar som ikkje har tilgang til ePhorte.</u> Arkivtenesta skannar dokumentet i ePhorte, <i>den som er sakshandsamar syter for å gje kopiar til dei som skal ha det i barnehagen. Arkivtenesta sender ikkje brev til sakshandsamarane.</i></p>
Merknad	<p>FSB-møte der barn blir drøfta utan at namn blir offentleggjort. T.d. Gut, alder, atferd, språk osv. <i>Skal ikkje arkiverast i mappa til barnet!! DAT-Kon er PPT si analyse, den skal ikkje takast vare på i barnet si mappe. Alle rapportar, Dat-Kon, logoped og Språk 5-6 skal ikkje takast vare på i eleven si mappe. Rapportane skal sendast per post til PPT. Skal ikkje fylgje som vedlegg til tilmelding.</i></p> <p>Styrrar i kvar barnehage tildelar timar, jf. opplæringslov og delegasjonsreglement for Vinje kommune. Observasjonsrapport, frå PPT, skal ikkje takast vare på. Dannar grunnlag for referat frå PPT.</p> <p>Saka fylgjer heile perioden barnet er i barnehagen.</p> <p>Sakshandsamar ferdigstiller saka når den er ferdig, arkivtenesta søker den fram og avsluttar.</p>
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12, barnehagesjef i Hakkespetta barnehage 21.8.14,bhg.sjef i Åmot bhg. 28.11.16
Endra dato	Endra framlegg 25.6.2014, august 2014, 28.11.16

Emne	PERMISJON/FRI FRÅ BARNEHAGEN
Sakstittel	Elevmappe – barn f 030709 - søknad om permisjon/fri frå namn på barnehage NB!!Skjerm fødselsdato på sakstittel
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	BA, heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!!Tilgangskode BA skal berre brukast i saker som er knytt til barnehagearkiv,
Arkivdel/klassering	Barnehagearkiv, ordningsverdi f.nr. NB! Skjerm ordningsverdi !! Arkivtenesta sin jobb!
Innhold JP	Søknad om permisjon/fri frå barnehagen frå 150213 tom 280213
Tilgangskode JP	BA , heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!Skjerm namn på avsendar/mottakar dersom det kan knytast til barnet.
Malar	Vanleg brevmal.
Dok.rutinar	(I)Søknad frå føresette, (U)Svar frå barnehagen
Makuler	Papirdokument makulerast etter tre månader.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Kassasjon ved periodeskille
Formål	Barnehagelova og forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehagen
Merknad	Søkje permisjon frå barnehageplassen: Drøfta i styrarmøtet. Kan ikkje hindre at permisjonssøknader kjem, men barnehagane innvilgar ikkje slike søknader.
Godkjent/bestemt av	21.8.2014, Barnehagesjef for Hakkespetta og arkivleiar 28.11.16
Endra dato	August 2014 , 28.11.16

Emne	SKADESKJEMA OG HMS RAPPORT - PERSONSKADE I BARNEHAGEN
Sakstittel	Elevmappe – barn f dato – skademelding NB!! Skjerm fødselsdato på sakstittel
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	BA, heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!!Tilgangskode BA skal berre brukast i saker som er knytt til barnehagearkiv
Arkivdel/klassering	Barnehagearkiv, ordningsverdi f.nr. NB! Skjerm ordningsverdi !! Arkivtenesta sin jobb!.
Innhold JP	(X) Skademelding (HMS-skjema)- dato for skade
Tilgangskode JP	BA , heimel off.lov § 13/fvl. § 13.1. NB!Skjerm namn på avsendar/mottakar dersom det kan knytast til barnet.
Malar	
Dok.rutinar	HMS skjema fyllast ut og sendast til helsestasjon. Kopi til arkivtenesta for skanning mappe på barn.
Makuler	Papirdokumentet makulerast etter tre månader. Føreset at skanna dokument er lesbart.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Periodisering kvart 4.år.
Formål	Kommunehelsetenestelova § 1-4
Merknad	Barnehagesjefen i Åmot har vore i kontakt med Nav og forsikringsselskapet om skademelding. Ho fekk beskjed om at det ikkje skal sendast skadeskjema når det gjeld ungar i barnehagen. Det skal fyllast ut HMS-skjema, som skal leverast til helsestasjon og ein kopi til arkivtenesta for skanning. Denne dokumentasjonen er god nok for seinare dokumentasjon på skaden.
	Tidlegare blei skadeskjema samla i ei sak "Namn på barnehage – skader/ulukker 2012/2013 "
	Spørsmål frå bhg.sjef. Åmot om det er mogleg å skanne/skrive skadeskjema i ephorte og legge helsesyster som kopimottakar 28.11.16. Svar frå sjef VHO, 1.12.16, at ho skal spørje helsesyster og gje tilbakemelding.
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12, barnehagesjef for Hakkespetta og arkivleiar 21.8.14, bhg.sjef. Åmot 28.11.16
Endra dato	August 2014, 28.11.16

Emne	INFORMASJONSSKRIV TIL FØRESETTE
Sakstittel	Namn på barnehage - informasjonsskriv til føresette - 2016/2017
Saksansvarleg	Ansvarleg sakshandsamar
Tilgangskode sak	
Arkivdel/klassering	Saksarkiv, ordningsverdi A12
Innhold JP	Informasjonsskriv – januar 2017
Tilgangskode JP	
Malar	Utgående brev
Dok.rutinar	
Makuler	Papirdokumentet makulerast etter tre månader.
Papir/elark/periodisering	Elektronisk. Periodisering kv. 4.år.
Formål	Barnehagelova
Merknad	Ei sak kan gjerne vere aktiv over fleire år. Det er ikkje alle barnehagane som sender informasjonsskriv. Hakkespetta barnehage sender det på e-post. Det som ikkje blir ført i ePhorte blir ikkje arkivert. Barnehagesjefen i Åmot barnehage meiner at desse dokumenta ikkje er arkivverdige.
Godkjent/bestemt av	Barnehagesjefane og arkivleiar 21.8.12, barnehagesjefen for Hakkespetta barnehage 21.8.14, bhg.sjef. Åmot 28.11.16
Endra dato	August 2014, 28.11.16

Emne	TRAS-TIDLEG REGISTRERING AV SPRÅKUTVIKLING, SPRÅK 5-6 OG OBSERVAJON LOGOPED
Sakstittel	
Saksansvarleg	
Tilgangskode sak	
Arkivdel/klassering	
Innhold JP	
Tilgangskode JP	
Malar	
